



Aud Karin Bjelland Løvfall las bibelsoge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 25 konfirmantjubilantane som laurdag deltok i det som turleiar Kristian Bringedal kalla bygdevandring opplevde ei levande bygd i utvikling, for å nytta Bringedal sine egne ord. For sjølv om det naturleg nok vart mykje merksemd rundt det som var, opplevde jubilantane også Friheim Gardsmat



Kristian Bringedal fortel om krigshandlingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Friheim har etablert ei ny næring i eit grisgrendt strok, sa Bringedal og losa dei inn i produksjonslokala til familien Miljeteig. Og familien imponerte også desse gjestane med det pågangsmot og den energi som har gjeve



gode produkter som resultat. Det kunne konfirmantjubilantane slå fast då smaksprøvene vart delte ut.



Gamleskolen var møteplass for konfirmantjubilantane. Til venstre leiar av arrangementet Audun Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Trio som har gått på Haugland-skulen: Olav Haugland, Klara Haugland Havsgård og Else Nora Fjellandsbø Nåsén. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men vandringa starta ved den franskproduserte revolverkanona på Sandakaien der Bringedal fortalde

jubilantane at dette er den einaste i sitt slag i landet og at den vart transportert rundt på Arne Myklebust sin bil under krigshandlingane. Bringedal ga eit oversyn over dei dramatiske dagane som toppa seg 18. og 20. april og peika på at den store norske bragden var å halda sambandstjenesten operativ i Herøysund.



Dette er dei som vart konfirmerte i 1959: Bak frå venstre Arne Rød, Asbjørn Eik, Reidar Myklebust, Rolf Sunde, Per Myklebust og Torfinn Myklebust. Framme frå venstre Anne Marie Raustein, Liv Gurli Feet, Aud Karin Bjelland, Tordis Myklebust, Laila Eik og Marit Eik. Aud Karin Bjelland Løvfall har sendt oss biletet.

På spørsmålet om det var nokon som falt i Uskedalen svara Bringedal at det eventuelt var ein tysk soldat, men at dette ikkje er bekrefta.

Tormod Myklebust hadde lese boka "Byen brenner" av Arne og Arve Fuglum og hadde som andre vorte overraska over at krigshandlingane truleg var mykje meir dramatiske og brutale i Uskedalen enn folk har vore klare over.

Eit anna høgdepunkt i bygdevandringa var tradisjonelt, men ikkje mindre vellukka for det. Det var då skulemeister Bringedal tok i mot 25 "elevane" til gammaldags skuletime i Haugland Skulemuseum. "Elevane" var i høgste grad med på det improviserte rollespelet. Til dømes las Aud Karin Bjelland Løvfall bibelsoge, nærare bestemt om den bortkomne sauene, og fekk ros av læraren. Han spela orgel og song "No livnar det i lundar" som start og "Fager kveldssol" som slutt på timen.

Bringedal ga også eit oversyn over historia til skulen, som vart bygt i 1893 og sentralisert i 1962. Både han og "elevane" mintes ikkje minst lærar Andreas Haugland som også var kordirigent og felespelar. Tre av "elevane" hadde hatt han som lærar – det var Olav Haugland, Klara Haugland Havsgård og Else Nora Fjellandsbø Nåsen. Olav bemerkta då han kom at nokon hadde teke pulten hans! Dei tre sakna eit av bileta som hang i klasserommet då dei gjekk der – ein kopi av Bergsliens berømte birkebeinerbilete. Men Bringedal kunne opplysa at det vart stole under eit innbrot på 1960-talet.

Siste post på første dags program for konfirmantjubilantane var bevertning på Gamleskulen der det mellom anna var gripande diktlesing ved Liv Gurli Feet Horgen og ein svært interessant forteljing om livet på Skorpo ved Ragna Langballe Hjelmeland.

Sundag held jubileet fram med gudsteneste og festleg samvær på Solheim.

Dei seks kulla som er inviterte hadde tilsaman 75 konfirmantar som var fordelte slik: 13 i 1938, 16 i 1939, 7 i



1948, 14 i 1949, 13 i 1958 og 12 i 1959.

Arrangementet er støpt etter same leisten som for to år siden og då vart det karakterisert som ein inntertiar. Alt tyder på at det blir minst like vellukka i år, etter ein fin start leia av soknerådsleiar Audun Eik.

Av Ola Matti Mathisen.



Familien Miljeteig frista med velsmakande produkt. Her er det Rut Slåke Sæle som tar ein test. (Foto: Ola Matti Mathisen)